



Nissedal kommune

Eining for omsorg

Kvalitetshandbok

Utarbeida av Rådmann / einingsleiar	Godkjent 2015	Revidert Feb. 2017	Side 1 av 2
--	------------------	-----------------------	-------------

Stillingsomtale for Einingsleiar omsorg.

Stillingstype: Helse og sosialfagleg bakgrunn.

0. Spesielt for omsorg.

01. Eining for omsorg omfattar:

- Nissedal omsorgssenter.
- Heimetenesta, heimesjukepleie og heimehjelp.

0.2 Dei mest sentrale lover som drifta og det faglege innhaldet er tufta på:

- Helse og omsorgstenestelova
- Arbeidsmiljølova
- Forvaltingslova
- Kommuneleva

0.3 Eit overordna fagleg mål for Eining for omsorg er:

Å innfri politiske målsetjingar og lovheimla krav og forventningar slik at brukarar får tilfredstillande tenester som fremjar positiv utvikling.

0.4 Eining for omsorg skal ha gode system for:

- Internkontroll og kvalitetssikring av tenestetilbodet.
- Kontakt med brukarar, pårørande og ulike samarbeidspartnarar.
- Rapportering.

0.5 Eining for omsorg skal:

- Vere ein arbeidsplass med høg fagleg standard med vekt på kompetanseutvikling, trivnad og eit positivt arbeidsmiljø for dei tilsette.

1. Føremålet med stillinga:

1.1 -Leie eininga si totale administrative og faglege verksemd, slik at oppgåver som følgjer av lovverk, politiske vedtak og kommunale reglar vert innfridde.

1.2 Dei folkevalde skal sikrast best mogleg grunnlag for å:

- Utforme mål for eininga si verksemd etter brukarane sine behov.
- Fordele ressursane slik at dei vedtekne måla vert nådde.
- Kontrollere at måla vert nådde.
- Vurdere konsekvensane av avgjerdene før det vert fatta vedtak.



Nissedal kommune

Eining for omsorg

Kvalitetshandbok

- Vurdere personellressursar i forhold til oppgåver.

1.3 Sikre utvikling og gjennomføring av overordna mål og strategiar for eininga sett i samanheng med kommunen si samla verksemd.

1.4 Sikre samarbeid og samordning av tenestetilbodet internt i eininga og mellom einingane.

1.5 Sikre at økonomi, plan – budsjettarbeid for eininga er i samsvar med lovar , regelverk og kommunale vedtak.

1.6 Sikre samordning og dei totale ressursane innan eininga.

1.7 Skape eit arbeidsmiljø som gjev grunnlag for ein helsefremjande og meningsfylt arbeidssituasjon for alle tilsette i eininga, i tråd med arbeidsmiljølova.

2. Stillinga si organisasjonsmessige plassering.

2.1 Einingsleiar vert tilsett av eit administrativt tilsettingsutval med rådmannen som leiar.

2.2 Einingsleiar er administrativt underlagt rådmannen.

2.3 Einingsleiar deltek i kommunen si utvida administrative leiargruppe.

2.4 Einingsleiar har avdelingsleiarar som det kan delegerast mynde til (jf. Administrativt delegasjonsreglement)

3. Ansvarsområde for stillinga.

3.1 Einingsleiar har ansvaret for å gjennomføre oppgåver rådmannen har pålagt.

3.2 Einingsleiar leiar, organiserer og koordinerer aktivitetane.

3.3 Einingsleiar har ansvar for utarbeiding av planar og budsjett.

3.4 Einingsleiar har det økonomiske ansvaret for drifta og hovudansvar for turnus.

3.5 Einingsleiar har personalansvaret. Dette kan delegerast vidare til avdelingsleiarar.

3.6 Einingsleiar har ansvaret for og fører tilsynet med at:

- eininga sine tilsette gjer sitt til at vedtekne mål vert realisert.
- eininga sine tilsette får høve til å halde ved like og vidareutvikle kunnskap og kompetanse.
- eininga til ei kvar tid har ei rasjonell drift.
- eininga sine medarbeidarar til ei kvar tid mottar naudsynt informasjon og at det vert gjennomført ein personalpolitikk i samsvar med gjevne retningslinjer.
- det vert lagt til rette for eit godt arbeidsmiljø som grunnlag for dei tilsette sin arbeidsinnsats og trivsel
- nye arbeidsmåtar og nytt teknisk utstyr vert teke i bruk for å betre produktivitet og effektivitet.



Nissedal kommune

Eining for omsorg

Kvalitetshandbok

- Einingsleiar kan velje å delegere avgjerdsrett til avdelingsleiarane på fleire av desse områda (jf. Administrativt delegasjonsreglement)

4. Andre hovudoppgåver

5. Ideelle kvalifikasjonskrav:

- Relevant utdanning frå universitet / høgskule.
- Relevant leiarutdanning.
- Røynsle som leiar frå offentleg og eller privat verksemd.
- Ha evne til å motivere medarbeidarar, samarbeide og vere resultatorientert.
- Vere strukturert og sjølvstendig og ha god relasjons og prosesskompetanse.

Generelle plikter:

- Representere eining for omsorg, Nissedal kommune
- Sette seg inn i lovverk og reglement som gjeld tenesta og gjeldande planverk for kommunen.
- Halde seg informert og informere vidare.
- Bidra til godt arbeidsmiljø.
- Arbeide aktivt for eit godt tverrfagleg samarbeid.

Spesielt for stillinga:

- Einingsleiar arbeider dagtid med 37,5 t /veke.

Dato.....

.....

Rådmann

.....

Einingsleiar